



Til avtalepartane

I samband med ny politisk plattform er det varsla ein gjennomgang av dei ulike tilskottsordningane i landbruket med tanke på forenkling.

Velferdsordningane vil og bli en del av denne vurderinga og Norske Landbrukstenester ønskjer å koma med nokre betraktningar i samanheng med dette.

For å rekruttera nye bønder til næringa er gode velferdsordningar viktig. Undersøkingar syner at sjansen til ferie og fritid, på lik linje som andre i samfunnet, og beredskap ved sjukdom vert lagt vekt på for å gå inn i næringa, og for å fortsetja vidare. I tillegg til ordningar som fungerer etter intensjonen er tilgang på kvalifisert arbeidskraft ein viktig faktor for å sikre tilbodet.

Viktige moment for å sikre ei fortsatt god ordning er;

- **Landbruksvikarordninga**

Landbruksvikarordninga er skipa for å ta seg av beredskap ved sjukdom. Det er i dag ytt tilskott til 240 årsverk på landsplan. Frå 2009 har avløyarslaga hatt eineansvar for å administrere ordninga. I tillegg til løyvingar gjennom landbruksvikarordninga vert det løna ut ca. 400 årsverk ved sjukdom gjennom avløyarslaga. Vi meiner at landbruksvikarordninga bør evaluerast i næraste framtid for å sjå om den fungerer etter intensjonen.

- **Sjukdom**

Vi ønskjer og å ha ei evaluering av refusjonsordninga ved sjukdom. At denne i dag skal innom både kommune og fylke i sakshandsaminga medfører ei lang prosess før bonden får refundert utlegga sine. Det må vera mogleg å kutta eit ledd.

- **Tilskott som følgjer kostnadsutviklinga**

Det er viktig at tilskottet i alle ordningane kvart år minst følgjer kostnadsutviklinga, med å leiga arbeidskraft. Utviklinga syner at ein i dag har færre dagar med avløyning for tilskottet enn tidlegare år. Samtidig er eigendelen ein betalar ved sjukdom auka.

- **Ferie og fritid**

Vi er kjent med at det er kome forslag frå forvaltninga hos fylkesmannen om å fjerne dokumentasjonskravet, og reknar med at dette er eit av punkta som kjem til å bli debattert framover. Dette kravet er det viktig å fortsetje med av fleire årsaker;

- Dårleg likviditet hos bonden kan føra til at tilskottet går inn i drifta, med det resultatet at vi får meir slitasje og sjukdom hos den einskilde gardbrukar.
- Tilgang til kvalifisert arbeidskraft vil bli vanskeleg for dei som ønskjer ferie, fritid og ikkje minst ved sjukdomsavløyning. Det vil og bli vanskeleg å oppretthalda landbruksvikarordninga.
- Ei refusjonsordning ligg i grøn boks i WTO-forhandlingane, utan press til reduksjon av ramme. Ved at dette vert ein del av ramma for direkte tilskott risikerer ein eit krav om reduksjon, eller endringar i andre ordningar.

Ved vidare spørsmål er det berre å ta kontakt.

Med helsing
Norske Landbrukstenester